

- KUNNGJERING -

Fleire søkjarar – søknadar om løyve til å byggje to småkraftverk i Tokke kommune i Telemark

NVE har motteke søknadar frå to søkjarar om løyve til å byggje to småkraftverk i Tokke kommune i Telemark. Søknadane skal handsamast samtidig og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg begge sakane samla.

Søknadane blir handsama etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov.

Hovuddata for kraftverksplanane:

Søknad	Søkjar	Installert effekt (MW)	Produksjon (GWh/år)	Inntak og avløp (kote)
Lårdal kraftverk	Vest-Telemark Kraftlag AS	3,5	8,7	398 - 166
Lårdalsåi kraftverk	Eik Falleigarlag	1,2	3,4	166 - 75

Søknadane med vedlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn på kommunehuset i Tokke og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med søkjar for kvart enkelt prosjekt.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogleg og seinast innan **22.9.2014**. Det er òg mogleg å sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til : NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.